



**FARDAL ENERGI AS**

I

**ÅRDAL KOMMUNE**



**INFORMASJON OM  
FARDALEN KRAFTVERK I ÅRDAL**

MARS 2013



**Tyngdekraft**



#### INNLEIING

Fardal Energi har utarbeidd konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing (KU) og anna nødvendig underlag for Fardalen kraftverk i Årdal kommune, Sogn og Fjordane fylke.

Arbeidet med konsekvensutgreiinga starta opp i 2011. Utgreiingane skal klargjere kva verknader tiltaket har for miljø, naturressursar og samfunn. Føremålet er å framskaffe avgjerdsrelevant informasjon som grunnlag for å ta stilling til:

- om tiltaket kan og bør gjennomførast
- kva utbyggingsløyising som bør veljast
- på kva vilkår tiltaket kan realiserast
- kva som må gjerast for å hindre eller avbøte eventuelle ulemper av tiltaket

Denne brosjyra er eit tillegg til konsesjonssøknaden for Fardalen kraftverk, utarbeidd av Fardal Energi.

Konsekvensutgreiinga byggjer på eit utgreiingsprogram fastsett av Noregs Vassdrags- og energidirektorat (NVE) den 18. januar 2011 etter at "Melding med forslag til utgreiingsprogram" var lagt ut på høyring i 2010. Utgreiingsprogrammet inneheld ei skildring av kva alternativ som skal utgreiast og kva tema/problemstillingar som skal belysast.

Sweco Norge AS, Rådgivende Biologer AS, Hydrateam AS, Norconsult AS og Asplan Viak AS har utarbeida underlaget og konsekvensutgreiingane i nært samarbeid med Fardal Energi AS og Norsk Kraft AS.

NVE sender konsesjonssøknaden på høyring til ei rekkje offentlege instansar og institusjonar som saka vedkjem, og den blir samstundes lagt ut til offentleg gjennomsyn etter kunngjering i lokalavisene. Dersom det vert gjeve konsesjon til ei utbygging, ønskjer Fardal Energi å få til eit godt samarbeid med andre brukargrupper og interesser i vassdraget slik at vi kan ta omsyn til desse interessene ved utforming av detaljplanen.

#### KORT OM TILTAKSHAVAREN

Fardal Energi er eit nyskipa aksjeselskap bestående av Tyngdekraft AS og grunneigarar og fallrettshavarar til tiltaket. Energiselskapet er 75 % eigd av grunneigarane, og vil få hovudkontoret sitt i Årdal. Hovudfokus vil vere på utvikling av vasskraftpotensialet i Fardalselva.

#### NOVERANDE TILHØVE I VASSDRAGET

Fardalselva er ikkje urøyrd i kraftsamanheng ettersom det er fråført vatn frå øvste del av nedbørfeltet (over kote 1000) til Fortun kraftverk i Skjolden.

Den strekinga av elva som vi no vil bygge ut, har difor restvassføringa frå områda nedanfor kote 1000 ved Murane og eventuell flaumvassføring forbi bekkeinntaka.

#### UTBYGGINGSPLANEN

Utbygginga av Fardalen kraftverk er rekna ut til å gje ei yting på omlag 53,0 GWh ny kraft pr. år (alternativ 1). Utbygginga vil gje ei god utnytting av ressursane i området, og vil tilføre Årdal kommune ressursar i mellom anna auka skatteinntekter. Utbygginga vil tilføre Noreg ny fornybar energi tilsvarande 2650 husstandar og såleis gje eit lite bidrag til å redusere CO<sup>2</sup>- utslappa i Europa.

Nedbørsfeltet er på 49,6 km<sup>2</sup> med ein middsverdi for avlaup på 2,2 m<sup>3</sup>/s. Vassdraget tidlegare fråført vatn. Kraftverket er planlagt med eit aggregat på 25 MW liggande inne i fjellet. Tilkomstveg og tilknytingskabel til kraftverket vil verta lagt i tunnel.

Inntaksdammen vert liggande synleg på Haug, som det går fram av biletet på neste side. Frå inntaket vert vatnet ført i tunnel ned til kraftverket. Vatnet vert deretter ført ut i Årdalsvatnet gjennom ein utlaupstunnel, sjå kart bak s. 10 og s. 11 bak i brosjyra.

Kraftverket sine hovuddata er som i tabellen under:

Nedbørsfelt	49,6	km <sup>2</sup>
Midlare årleg tillaup	62,5	mill. m <sup>3</sup>
Maksimal yting	25	MW
Midlare årleg produksjon	53	GWh
Ca kostnader	244	Mill. kr
Spesifikk utbyggingskost.	4,6	kr/kWh
Ca byggetid	2	år

Når det gjeld nettilknytning vil kraftverket bli knyta til nettet på Hydro sitt anlegg. For å få dette til vil den gamle linja i ura nord for sentrum bli bygd opp att og med eit strekk ned til parken framføre Hydro. Derifrå vert det grave ned ein 22 kV kabel rundt tomte til Hydro. Sjøå også vedlagte kart.





*Bilete frå planlagt inntak og noverande bru på Haug*

### **ALTERNATIVE LØYSINGAR**

To alternative utbyggingsløysingar er omsøkt, med alternativ 1 som det primære alternativet. Alternativ 1 vil utnytte fallet i Fardalselva mellom kote 485 og kote 8 (turbinsenter kote 11), med totalt 474 m brutto fall. Alternativ 2 vil utnytte fallet mellom kote 485 og kote 38 (turbinsenter kote 41). For begge alternativa vil vassvegen vere på ca. 4 km og kraftstasjonen vil leggjast i fjell.

### **TILHØVE TIL SAMLA PLAN, VERNEPLANAR OG KOMMUNALE PLANAR.**

Aktuelt prosjekt er handsama i Samla Plan for vassdrag og fått klarsignal for konsesjonshandsaming. Vassdraget har ikkje vore vurdert i samband med Verneplan for vassdrag. Utbyggingsområdet har status som LNF-område i kommuneplanen. Det er ingen konflikter mellom utbyggingsplanane og kommunale reguleringar i området.

### **MOGLEGE VERKNADER FOR MILJØ, NATURRESSURSAR OG SAMFUNN**

Omtala av moglege konsekvensar er henta frå konsekvensutgreiinga som er utarbeida. Denne byggjer m.a. på informasjon innhenta frå kommunale og fylkeskommunale styresmakter, andre faginstansar, folk med lokal kjennskap til området og supplerande feltarbeid.

### ***Vassføringstilhøve***

Vassføringa i elva mellom inntak og kraftverk vil verta redusert etter utbygging. Planlagt minstevassføring er på 300 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren, noko som tilsvarar ei vassføring på 5-persentilen. Nedover i elva vert det tilført vatn frå nokre uregulerte sidebekkar. Dette restfeltet har ei middelvassføring gjennom året på ca. 250 l/s (noko meir om sommaren og noko mindre om vinteren), slik at middelvassføringa ovanfor utløpet frå kraftverket vil ha auka til ca. 600 l/s om sommaren og ca. 300 l/s om vinteren. Ved flaum vil det renne ytterlegare vatn forbi inntaket då tilførsel av vatn vil vera større enn kva kraftstasjonen kan ta unna. Konsekvensane for flaum- og erosjonstilhøve ventar vi vert små.

### ***Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)***

Landskapet vert i liten grad påverka då dette er eit fjellanlegg der vatnet går i tunnel ned til kraftstasjonen. Dei mest synlege konsekvensane for landskapet vil vere at vassføringa i elva vert lågare utanom flaumperiodar, samt massedeponia. Konsekvensane i anleggsfasen er vurdert som ubetydelege, medan konsekvensane i driftsfasen er vurdert å ha liten til middels negativ verknad dersom avbøtande tiltak blir iverksett.



Heile tiltaks- og influensområdet ligg i eit inngrepsnært område, og med tanke på inngrepsfrie naturområde (INON) vil utbygginga ha ubetydeleg/ingen konsekvens.

#### **Naturmiljø**

Området har ingen spesiell geologisk verdi og utbygginga vil ha ubetydelige konsekvensar for geofaglege tilhøve, både i anleggs- og driftsfasen.

Det er registrert fleire viktige naturtypelokalitetar langs Fardalselva. Dette gjeld bekkekløft og bergvegg, fossesprøytoner og sørvendt berg og rasmark. Det er kun registrert vanlege artar av karplantar, mosar, lav og sopp. Tiltaket vurderast å ha middels negativ verknad på naturtypar og terrestrisk vegetasjon.

Fugle- og pattedyrfaunaen langs Fardalselva er representativ for regionen og samtlege registrerte artar reknast å vere vanleg førekommande. Det må påreknast at inngrep og aktivitet i anleggsfasen vil kunne uroe fugle- og dyrelivet, men anleggsperioden er relativt kort. I driftsfasen vil størstedelen av inngrepsområda kunne nyttast av viltet og arealtapet er moderat. Føreslegen deponering av massar og utfylling ved Utlas utløp i Årdalsvatnet vil i ein viss grad vere negativt for våtmarkstilknytte fugleartar. Samla sett er verknadene for fugl og pattedyr venta å bli små til middels negative.

Raudlisteartar som strandsnipe (NT) og i noko grad fiskemåse (NT) er direkte knytt til vassdragsnaturen i tiltaksområdet. Desse artane vil likevel truleg i liten grad bli påverka av redusert vassføring. Fossekall er forventa å bli middels negativt påverka av redusert vassføring. Tiltaket er ikkje venta å ha konsekvensar for andre sårbare artar.

#### **Fisk og ferskvassbiologi**

Ved prøvetaking av botndyr har ein kun påvist vanleg førekommande artar, og funn av indikatorartar tydar på at vassdraget er lite påverka av forsuring. Undersøkingar viser at det er låg tettleik av aure i vassdraget, og at aure også har tilhald i nokon av innsjøane oppe i nedbørsfeltet. Anadrom strekning er undersøkt og totalt blei det fanga 57 aure, men ingen laks. Smoltproduksjonen synest noko lågare enn forventa. Det er ikkje observert raudlisteartar av botndyr eller elvemusling i Fardalselva. Ål førekjem sporadisk, men vandringshinder gjer det lite sannsynleg at ål kan vandre forbi anadromt hinder.

Utbygging av Fardalen kraftverk vil i hovudsak medføre redusert vassføring, noko som kan ha innverknad på vassstemperatur og resipientkapasitet.

Kraftverket er vurdert å ha små negative verknader for fisk og ferskvassøkologi. På anadrom strekning vil det òg bli små negative. Tiltak som forbisleppingsventil i kraftstasjonen vil i hovudsak avbøte dette.

Alternativ 2 vil ha utløp eit stykkje ovanfor vandringshinderet for anadrom fisk og tilhøva for desse artane vil dermed ikkje bli endra ved dette alternativet. Dei negative verknadene ved alternativ 1 vil likevel ikkje bli vesentleg større dersom ein legg avbøtande tiltak til grunn.

#### **Kulturminner og kulturmiljø**

Det er registrert to kulturmiljø, KM 1 Farnes og KM 2 Fardalen, innanfor influensområdet. Redusert vassføring vil i liten grad ha innverknad på dei to kulturmiljøa ettersom Fardalselva går i eit djupt gjel, og er lite synleg, på den aktuelle elvestrekninga. Redusert vassføring vil ikkje ha innverknad på kulturhistoriske bygningsmiljø og vil ha liten innverknad på det elvenære kulturlandskapet. Eit deponiområde kjem i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Ut over dette er det deponiområde som kjem i nærleiken til kulturminne frå nyare tid, og som vil ha ein viss påverknad på kulturlandskapet. Samla sett vil ei utbygging av Fardalen kraftverk ha ubetydeleg til liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø for begge utbyggingsløysingane.

#### **Forureining**

Ei samla vurdering av økologisk status tilseier at Fardalselva ligg på grensa mellom "god" og "moderat" (2011). Anleggsarbeidet kan medføre tilførsel av finpartikulært materiale til vassdraget. Dette kan medføre betydeleg visuell forureining av elvevatnet, men berre for ein kort periode. Det er sannsynlegvis noko tilførsel frå landbruk og busetjing på den aktuelle elvestrekninga. Redusert vassføring vil gje redusert resipientkapasitet, og noko høgare konsentrasjonar av næringsstoff. Vassdraget har "god" tilstand i dag når det gjeld nringsstoff, men vil truleg få noko redusert vasskvalitet i periodar etter ei eventuell utbygging. Tiltaket er vurdert å ha liten negativ konsekvens for vasskvalitet, både i anleggsfasen og driftsfasen.





#### **Naturressursar**

##### Jord- og skogbruk

Det er ein del jordbruksareal mellom vegen i Fardalen og Fardalselva. Kun gardsbruket ved Haug er i aktiv drift. Det er skog av høg bonitet i influensområdet, men delar av skogen er vanskeleg tilgjengeleg. Det er ikkje aktiv skogsdrift i influensområdet, kun uttak til privat bruk. Auka trafikk i anleggsfasen kan skape trafikale problem og forseinke det daglige arbeidet i samband med landbruksdrifta, men verknaden er vurdert å vere liten negativ i anleggsfasen. Tiltaket medfører ingen varige arealbeslag av jordbruksareal. Noko hogst av skog må forventast. Gardsbruket ved Haug får opprusta både eksisterande landbruksveg fram til inntaket og brua som går over Fardalselva. Elva har ingen funksjon som sjølvgerde, og er heller ikkje brukt til andre føremål i samband med jordbruk eller skogsdrift. Små negative konsekvensar for skogressursane og små positive konsekvensar for jordbruket gjev samla sett ubetydeleg verknad for jord- og skogressursar i driftsfasen.

##### Ferskvassressursar

Husstandane i Fardalen er ikkje kopla til den kommunale vassforsyninga, men har eigne grunnvassbrønner. Fardalselva er ikkje hovudkjelde til vassforsyning for verken hushaldningar eller landbruk. Noko vatn frå elva sig truleg inn i grunnvassbrønnane. I anleggsfasen kan det vere noko avrenning frå anleggsområda til Fardalselva. Husstandane langs den aktuelle elvestrekninga har grunnvassbrønner og bidraget frå elva er truleg marginalt. Verknaden for vassforsyninga er vurdert som liten negativ i anleggsfasen. Det same gjeld for driftsfasen, der redusert vassføring truleg vil ha marginal innverknad på vassforsyninga.

##### Mineral og masseførekomst

Berggrunnen i influensområdet er relativt homogen og består av harde og sure bergartar, og det er ikkje registrert funn av viktige mineral eller malm i området. Det førekjem ein del lausmassar i influensområdet. Førekomstane nord for Haug er kartlagde og verdsette som lite viktige. Det er ein førekomst med grus/pukk nord for Haug som kan bli påverka av tiltaket. Planlagt inntak og tunnelpåslag kan medføre inngrep i denne førekomsten, men inngrepet er lite og konsekvensane er difor vurdert som små.

#### **Samfunnsmessige tilhøve**

Utbygging av Fardalen kraftverk vil kunne ha ein positiv effekt for fleire. Spesielt vil lokalt busette

grunneigarar i prosjektet kunne få ei viktig tilleggsinntekt. Dette vil kunne stimulere til vidare drift og bidra til å oppretthalde kulturelandskapet. Utbygginga vil òg vere positiv med tanke på sysselsetting og lokalt næringsliv i anleggsfasen pga. auka etterspurnad etter varer og tenester. Ein del av årsverka i anleggsfasen vil sannsynlegvis kome regionen til gode gjennom bruk av lokale og regionale underentreprenørar. I driftsfasen vil det òg vere behov for noko ettersyn av inntaksdam og kraftstasjon og ein del av dette vil bli handtert av grunneigarane i Fardalen. Den kommunale økonomien i Årdal kommune vil få eit positivt bidrag i form av bl.a. auka skatteinnngong i anleggsfasen, auka inntektsskatt frå fallrettshavarane i driftsfasen, samt eigedomsskatt, naturressursskatt og konsesjonsavgift. Utrekningar viser at eigedomsskatten, naturressursskatten og konsesjonsavgifta til saman vil utgjere ca. 5 mill. kr frå og med det 7. driftsåret. Utbygginga er difor vurdert å ha liten positiv konsekvens for næringsliv, sysselsetting, tenestetilbod og kommunal økonomi, både i anleggs- og driftsfasen.

#### **Sosiale og helsemessige tilhøve**

For større anlegg med fleire tilreisande sysselsette og på større stader med mange tilbod innan uteliv, har dette av og til skapt problem på grunn av konflikhtar mellom tilreisande og fastbuande. Vi forventar ikkje at dette blir noko problem i Årdal på grunn av eit sparsomt utelivstilbod og at det ikkje er venta mange tilreisande i samband med anleggsarbeidet. Utbygginga er difor vurdert å ha ubetydelege konsekvensar for sosiale forhold både i anleggs- og driftsfasen.

Anleggstrafikk vil kunne medføre noko støy og støv, men trafikken vil truleg i liten grad medføre helsemessige verknader då det neppe blir anleggstrafikk om natta. Likevel vil transporten kunne bli eit tidvis uromoment for busetnaden nær tunnelpåhogget. Kraftlinja (luftspennet) vil følge eksisterande trasé. Jordkabelen vil bli lagt slik at ingen vil utsetjast for magnetfelt over 0,4  $\mu$ T (årsgjennomsnitt). Kraftstasjonen vil bli lagt i fjell, som er ein fordel med tanke på støy. Det vil bli sett i verk naudsynte støydempende tiltak for å hindre eventuell viftestøy og støy frå utløpstunnelen i driftsperioden. I anleggsperioden vil aktuelle tiltak vere restriksjonar mot nattarbeid. I tillegg vil plassering av vifter samt støydempende materialar bli tillagt stor vekt. Bruk av spyling vil vere aktuelt for å redusere eventuelle støvplager. Ved ei gjennomføring av desse tiltaka er utbygginga vurdert å ha ubetydelege konsekvensar for helsemessige tilhøve, både i anleggs- og driftsfasen





#### **Friluftsliv, jakt og fiske**

Influensområdet har gode opplevingskvaliteter med variert natur og er viktig for det lokale friluftslivet. Fardalselva er fleire stader godt synleg med små fossefall og stryk, men på det meste av den aktuelle strekninga er elva djupt nedskåren i terrenget og vanskeleg tilgjengeleg. Dei store kraftlinjene som går gjennom dalen og på tvers i nedre del, er noko negativt for friluftsopplevinga. Nedre delar av Fardalen er godt tilrettelagt og er spesielt mykje brukt. Fardalsfossen/Øvstunfossen har opplevingsverdi for turgåarar og utgjer eit relativt markert landskapselement. Også med tanke på kulturmiljø har nedre delar av Fardalen verdi, då i hovudsak spor etter gruvedrift i Blåberg. Hølen ved den nedste fossen i elva er i bruk som badeplass og langs Årdalsvatnet er det en strandpromenade. Det vert elles drive noko hjortejakt i influensområdet, men ikkje sportsfiske i elva.

I anleggsfasen vil det vere auka støy og trafikk langs den aktuelle strekninga av Fardalselva, som kan gjere influensområdet mindre tilgjengeleg og mindre attraktivt for friluftsliv. Støy og trafikk kan òg medføre at hjorten held seg unna anleggsomraet og tilhøva for jakt vil då kunne bli noko dårlegare lokalt.

Det planlagde massedeponiet ved utløpet av Fardalselva og tunnelpåhogget ved Kleivi bru vil truleg redusere opplevingskvalitetane for turgåarar. Redusert vassføring vil ha negativ verknad for turgåarar, ved at opplevingskvalitetane ved elva blir reduserte. Redusert vassføring vil derimot i liten grad endre tilhøva for bading, då dette føregår i kulpar der vatn vil samle seg uansett. I driftsfasen vil tiltaket i liten grad påverke jakt- og fisketilhøva. Utbygginga er vurdert å ha middels negativ konsekvens for friluftsliv, jakt og fiske, både i anleggs- og driftsfasen.

#### **Reiseliv**

Tindevegen som går gjennom Fardalen er ei viktig ferdelsåre for turistar om sommaren. Det er elles ingen overnattingstilbod, serveringsstader eller turistattraksjonar i influensområdet. Enkelte turistar stoppar for å sjå på fossane i nedre del av Fardalselva, men sett i forhold til andre fossar i regionen er desse fossane ikkje å rekne som

vesentlege turistattraksjonar. Det er heller ikkje tilrettelagt med skilting eller parkeringsplass med tanke på dette.

Det vil bli auka trafikk og støy frå anleggsarbeidet langs nedre del av Tindevegen, men i ein relativt kort periode. Den auka trafikken til og frå anleggsområda kan skape trafikale problem. Verknaden er vurdert som liten negativ i anleggsfasen. Fossane i nedre del av Fardalen er ikkje marknadsførte i reiselivssamanheng i dag, men har ein viss verdi og potensial for utvikling. Den reduserte vassføringa er difor vurdert å ha liten negativ verknad for reiseliv i influensområdet til Fardalen kraftverk. Ei eventuell utbetring av vegen mellom Haug og Åsete vil indirekte vere positivt for reiselivet. Samla sett er utbygging vurdert å ha liten negativ konsekvens for reiselivet, både i anleggs- og driftsfasen.

#### **Samla belastning / sumverknader**

Ser ein på regionen under eitt, er det ei rekkje eksisterande og omsøkte vasskraftprosjekt, kraftliner og andre tiltak som vil kunne bidra til å auke den samla belastninga på landskap, kulturmiljø, friluftsområde og naturmangfald. For å redusere den totale belastninga på regionen sine kvalitetar er det difor viktig at dei prosjekta som har størst samfunnsnytte i forhold til miljøbelastninga vert realiserte på kostnad av mindre gode prosjekt.

Fardal Energi AS er av den oppfatning at Fardalen kraftverk er eit godt prosjekt med små eller moderate ulemper for miljø og naturressursar, noko som blir bekrefta gjennom konsekvensutgreiinga som er utført, og at prosjektet slik sett er eit viktig bidrag for å oppnå auka produksjon av fornybar energi med lågast mogleg miljøkostnad (og minst mogleg samla belastning).


#### **Forslag til avbøtande tiltak**

Vanleg praksis når det gjeld opprydding, støydemping, etc. er lagt til grunn. Dette vil bli nærare skildra i detaljfasen, gjennom eit eige miljøoppfølgingsprogram (MOP). Av andre aktuelle tiltak vil vi framheve slepping av minstevassføring. Av omsyn til fisk kan det òg bli aktuelt å installere ein omløpsventil og oppsetjing av reirkassar for fossefall kan òg vere aktuelt.





*Bilete av Fardalen, Årdal og Årdalsvatnet.*



*Fardalen i fugleperspektiv*



*Utsikt mot Fardalen frå Øvre Årdal*



Bilete frå Fardalen.

## LOVGRUNNLAGET FOR HANDSAMING AV UTBYGGINGSSØKNADEN

Ei gjennomføring av utbygginga vil krevje utbyggingsløyve etter lov om vassressursar og konsesjon etter energilova. Av andre viktige lover kan vi nemna plan- og bygningslova, lov om kulturminne samt lov om ureining.

## VIDARE SAKSGONG

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) handsamar utbyggingssaka. Handsaminga skjer i tre fasar:

### Fase 1 – meldingsfasen

Tidlegare har tiltakshavar lagt fram planane sine i ei melding (juli 2010), og gjort greie for kva utgreiingar dei meinte var nødvendige. Meldinga vart deretter sendt på høyring av NVE.

Etter å ha motteke høyringsfråsegner fastsette NVE eit konsekvensutgreiingsprogram.

### Fase 2 – utgreiingsfasen

Konsekvensane vart i denne fasen utgreidd i samsvar med det fastsette utgreiingsprogrammet, og dei tekniske og økonomiske planane vart utvikla vidare.

Fasen vart avslutta med innsending av konsesjons-søknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing til NVE.

### Fase 3 – søknadsfasen

Saka er no i denne fasen. Planlegginga er avslutta, og søknaden med konsekvensutgreiing er sendt til Olje- og energidepartementet (OED) ved NVE.

### Høyring

Søknaden vert kunngjort i pressa og lagt ut til offentleg ettersyn. Samstundes vert den sendt på høyring til sentrale og lokale forvaltningsorgan og ulike interesseorganisasjonar, og i tillegg alle som kom med fråsegn til meldinga. Søknaden med konsekvensutgreiing vil vere tilgjengeleg for nedlasting på [www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft) i høyringsperioden. Alle kan komme med fråsegn. Denne kan du sende via nettsida [www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft) eller til NVE – Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Høyringsfristen er minimum tre månader etter kunngjeringsdatoen. Føremålet med høyringa av søknaden med konsekvensutgreiing er:







- ✓ Å informere om planane.
- ✓ Å få grunnjevne tilbakemeldingar på om alle vesentlege forhold er tilstrekkeleg utgreidd, jamfør krava i utgeiingsprogrammet.
- ✓ Å få grunnjevne tilbakemeldingar på om tiltaket bør gjennomførast eller ikkje.
- ✓ Å få eventuelle forslag til avbøtande tiltak.

#### *Ope møte*

I løpet av høyringsperioden vil NVE arrangere eit ope folkemøte der deltakarane vil verte orienterte om saksgongen og utbyggingsplanane. Tidspunkt og stad for møtet vil verte kunngjort på [www.nve.no](http://www.nve.no) og i lokalaviser.

#### *Slutthandsaming*

Etter at høyringsrunden er avslutta utarbeider NVE si tilråding i saka, og sender den til OED for slutthandsaming. Endelig avgjerd vert teken av Kongen i statsråd. Store eller særleg konfliktfylte saker kan verte lagt fram for Stortinget.

I ein eventuell konsesjon kan OED sette vilkår for drift av kraftverket og gje pålegg om tiltak for å unngå eller redusere skadar og ulemper.

I følgje vassdragsreguleringslova kan grunneigarar, rettshavarar, kommunar og andre interesserte krevje utgifter til juridisk bistand og sakkyndig hjelp dekt av tiltakshavar, i den utstrekning det er rimeleg. Ved usemje om kva som er rimeleg kan dei leggje saka fram for NVE. Vi anbefaler at privatpersonar og organisasjonar med samanfallande interesser samordnar sine krav, og at kravet om dekning vert avklara med tiltakshavar på førehand.



*Fardøla med flaumvassføring*







# Fardal Energi AS

## Fardalen Kraftverk

### Informasjonsbrosjyre



Utbyggingsalternativ 1




Utbyggingsalternativ 2





22 kV linjetrase for begge utbyggingsalternativ



Ny 22 kV linje er tegnet med heltrukken rød strek, og ny 22 kV jordkabel er tegnet med stiplet rød strek





**Fardal Energi AS**

Fardalen Kraftverk

Informasjonsbrosjyre

## Meir informasjon

Konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiinga vert lagt ut til offentleg gjennomsyn sentralt i kommunen. Folk kan få tilsendt konsesjonssøknaden ved å kontakta Fardal Energi. Den er òg tilgjengeleg på elektronisk format (pdf) på NVE sine nettsider. NVE vil arrangere eit folkemøte som der det vert orientert om utbyggingsplanane og resultatata frå konsekvensutgreiinga. Tidspunkt og stad for dette møte vil bli annonsert i lokalpressa.

Opplysningar om planane utover det som er orientert om i brosjyra kan ein få hjå Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE eller Fardal Energi.

### Spørsmål om sakshandsaming kan rettas til:

NVE Konsesjonsavdelingen  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo, tlf 22 95 95 95

Kontaktperson  
Finn Roar Halvorsrud  
Tlf. 22959853  
E-post: [firh@nve.no](mailto:firh@nve.no)

Fardal Energi AS  
6884 Øvre Årdal

Kontaktperson  
Sveinung Haug  
Tlf: 4085 4117  
E-post: [sveinung.haug@ardal.online.no](mailto:sveinung.haug@ardal.online.no)



*Gangbru over Fardøla.*

### Ansvarleg for utarbeiding av melding, konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing:

Tyngdekraft AS, c/o OBOS, Postboks 6666 St. Olavsplass, 0129 OSLO  
Kontaktperson: Einar Sofienlund, Tlf: 90944322, E-post: [es@norskraft.no](mailto:es@norskraft.no)



**Tyngdekraft**